

# VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET (KRAFTFONDET)

## I ULVIK HERAD



### §1. Heimel, kapital og avkastning.

a) Fondskapitalen er :

Næringsfond på kr 5.000.000 innbetalt i samband med utbygging av Eidfjord-Nord-anlegga, oppretta ved kongeleg resolusjon av 4. juni 1976.

Fondskapitalen kan ikkje nyttast til lån eller tilskot (Jf. standardvedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond)

b) Avkastninga/tilføringa er :

- årlege konsesjonsavgifter frå utbygginga av Eidfjord-Nord-anlegga
- renter og avkastning av fondskapitalen
- renter og avdrag på lån og andre tilførslar

### §2. Føremål

Kraftfondet skal i første rekkje nyttast til næringsføremål.

Fondet kan og nyttast til kommunale og private fellestiltak som fremjer næringslivet og busetnaden i Ulvik.

Prosjekt med særleg verknad for kvinner og ungdom skal prioriterast.

Fondet kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller til støtte av løpande drift av verksemder eller heradet, unntatt avlønning av tiltaksadministrasjon.

### §3. Støtteformer

Frå tilføringa/avkastninga kan det gjevast tilskot og lån/vilkårslån.

Midlane bør ikkje nyttast til teikning av aksjar i private verksemder. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan dei ikkje utgjera meir enn 30% av aksjekapitalen i verksemda.

Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l., som kommunen etablerer i samband med private interesser. Garanti for kommunale tiltak kan unntaksvis gjevast i samsvar med kommunelova §51.

### §4. Tilhøvet til internasjonale forpliktelsar på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet må vera i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

## **§5. Forvaltning**

Heradsstyret oppnemner fondsstyre.

Administrasjonen kan tildela lån og tilskot etter nærare fullmakter gitt av heradsstyret og fondsstyret. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at avkastninga er disponibel til ei kvar tid. Renter og avdrag vert tilbakeført til fondet.

Det skal først eige rekneskap og budsjett for fondet.

## **§6. Årsmelding**

Det skal leggjast fram melding over bruken av fondet til heradsstyret. Gjenpart av denne skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

## **§7. Godkjenning av vedtekter**

Vedtektene kan endrast etter vedtak av heradsstyret.

Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.

Kommunen kan påklaga fylkesmannen si avgjerd til Kommunaldepartementet.